



ESPERANTO-NYTT

Informasjonsblad

frå Norsk Esperanto-Forbund 2/2022, haust

Fysisk verdskongress etter to års opphald

Etter to år med korona-pandemi og reine digitale kongressar var det i august 2022 på ny duka for fysisk Esperanto-verdskongress. 827 personar frå 56 land var påmelde til den 107-ande Universala Kongreso de Esperanto i Montreal i Kanada. Men ikkje alle dei påmelde kunne delta, på grunn av pandemien, krav om vaksinar for innreise til Kanada og den pågåande krigen i Ukraina.

På programmet var m.a. konsertar, språkkurs, populærvitskaplege føredrag, ekskursionar og møte for diverse fag- og interessegrupper. To nye medlemmer blei valde inn i styret for Verdsforbundet, som også dei komande to åra blir leia av professor Duncan Charters frå USA.

Historie og notid ved skotsk universitet

Ved University of St. Andrews i Skotland studerer ei gruppe historikarar ulike sider av esperanto-rørsla, med særleg vekt på perioden 1880 til 1920. For tida pågår tre doktorgradsprosjekt, eitt om polske og sentral-europeiske esperantonettverk rundt hundreårskiftet, eit anna om den tidlege rørsla i Spania og eit tredje om dagens esperanto-fellesskap blant ungdommar i Rio de Janeiro.

Prosjektet har og nyleg kome ut med monografien *Esperanto Revolutionaries and Geeks: Language Politics, Digital Media and the Making of an International Community* (Palgrave, 2021).

Norsk landsmøte – på nytt digitalt

For andre år på rad blei landsmøtet i Norsk Esperanto-Forbund halde i digitalt format. Møtet gjekk over to kveldar tidleg i mai, og i tillegg til organisasjonssaker presenterte Espen Stranger-Johannessen frå Høgskolen i Innlandet arbeidet med prosjektet *Rakontoj por Esperantujo* (www.rakontoj.net).

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 Oslo, tlf. 22 35 08 94
Heimeside: esperanto.no
E-post: inform@esperanto.no

ESPERANTO: LETTLÆRT OG LEVANDE